

ANDERS HAVNELID

Kvinnherad

Allmennsoga
gards- og ættesoga

BAND 5

EID OG FJELBERG SOKNER

1992

KVINNHERAD KOMMUNE



Gravdal. Til venstre bnr. 3, til høgre bnr. 1.

Gravdal

gnr. 201

Denne garden låg svært lenge øyde etter svartedauden. Gravdal er såleis einaste garden i Eid og Fjelberg med øydegardsstatus over lengre tid, i oppgåvene 1597-1723.

I øydegardstida vart garden ført under Fjelland, og etter kvart bruka av busitjarane på Fjelland.

I 1647 var Gravdal iflg skattematrikkelen tilleggsjord for Fjelland.

Det var Klosteret som åtte Gravdal.

1716 fekk Gravdal status som såkalla Captains Frigaard, og det kom då bygsemenn på garden.

Nils Larsson Fjelland heitte han som bygsla her 1716. Han var frå før brukar på bnr. 2 av Fjelland. Han bygsla halve Gravdal.

Aksel Andersson Fjelland bruka og bygsla den andre halvparten av Gravdal.

I 1777-oppgåvene er dei to som då bruka Gravdal, førte husmenn under Fjelland, men dette er ei feilaktig opplysning, for begge hadde då kjøpt bruka sine.

Nils Jonsson (30b), g m

Anna Akselsdotter, hadde skøyte på bruk 3 frå 1760. Svogeren, *Anders Akselsson Fjelland*, skreiv 1765 frå seg odelsretten til Gravdal.

Nils Nilsson g m

Johanne Johannesdotter, fekk 1772 skøyte på bruk 1 av bror sin, Ola Nilsson Fjelland.

Produksjonsoppgåvene

Sidan Gravdal i 1700-åra var tilleggsjord til Fjelland, får vi først særskilde produksjonsoppgåver for garden i

1802. Då fødde kvart av dei to bruka 4 storlevande og 3 sauer.

Først i 1865 får vi fullstendig produksjonsoppgåve for Gravdal. Då var det to sjølveigande bruk og ein husmann med jord.


Tjerand Trondsson hadde 4 kyr, 13 sauer, men ikkje hest, og utsånaden hans var 2 t av havre og poteter.

Gunnar Hansson hadde 3 kyr og 13 sauer, og heller ikkje han heldt hest. Han sådde 1 1/2 t havre og 2 t poteter.

Tor Haldorsson, husmannen, hadde 2 kyr, 4 sauer og sådde 1 t av både havre og poteter.

Skipsbyggeriet

Då dei to skipsbyggjarane frå Sandvoll flytte til først plass og sidan gardar i Gravdal (26) og tok til med bygging der, starta i røynda eit lite industrieventyr i ei tid då det ikkje var flust om arbeidsplassar. I omfang er det vel berre verksemda i Skålafjæro som kjem opp på sida av Gravdal i 1870- og 80-åra, endå vi ikkje skal gløyma verksemda på vervane i Ølve og i Hillestadvågen.



Hanesteinen 1992. Her hadde Gunnar Gravdal vervaplassen sin.

Folketeljinga 1875 gir eit godt inntrykk av verksemda.

1875 var det 30 vaksne i Gravdal mot 19 vaksne i 1865.

I 1875 arbeidde det av dei som budde i Gravdal, 14 vaksne menn og ei kvinne på ver-
ven.

Vi må og tru at fleire frå Hillestad, Fjelland, Landa og Tofte, eller frå Høylandsbygda
og Valesida, arbeidde her. Det kan vi ikkje finna ut, ettersom arbeidsstaden ikkje er
oppgitt, berre skipsbyggjar- eller tømmermannsstatus.

I 1875 er det listeført smed, glasmeister, rundholtmeister og snikkar utanom dei med
meistertittel, tømmermanns- og skipsbyggjartittel.

Samstundes kravde jordbruket sine hender, først og fremst jordamannskonene, hus-
mannskonene, dei eldre og barna, men òg leigefolk, drenger og tauser.

Ei gruppe for seg var sjøfolka, som nok og var ein del av totalverksemda, etterdi det
var vanleg å driva sjøen ved sida av skipsbygginga. Dei bygde, om dei hadde midlar
til det, av og til på «spekelasi», og då vart ofte fartyet marknadsført ved at dei rusta
det ut for eit sesongfiske som sjøfolka og drengene dreiv, og så fekk dei gjerne sal på
fartyet når fisket var godt.

Men det var silda og torsken på Finnmarka og seinare i Lofoten som var grunnlaget
for denne oppblomstringa av m.a. skipsbygging. Derfor kom også nedgangen og
pengeskorten og sette brems på utviklinga i 1880-åra.

I 1892 kjøpte Hans Gunnarsson seg vervaplass på Opsanger, og det vart stilt i Grav-
dal.

FOLKET PÅ GARDEN ETTER 1700

Bnr. 1

1 *Nils Larsson Fjelland* bygsla og bruka
denne halvparten av Gravdal frå 1716.

2 *Ola Nilsson*, fekk skøyte av stykfar sin på
både Fjelland, bnr. 2, og dette bruket i Grav-
dal.

Ola gav skøyte på Gravdal til bror sin

3 *Nils Nilsson*, d. 1782, g m
Johanna Johannesdotter Arnevik, 1730-1804.
Ho var truleg syster til Nils Johannesson
Arnevik (19).

Nils vart ingen gammal mann, og det var berre
eitt barn som levde opp, dottera Ranveig.

4 Haldor Torsson, 1769-1839, g m
Ranveig Nilsdotter, 1774-1842, fekk skøytet
av vermor si, Johanna Johannesdotter. Barn:
a Sissel, 1791-, ført ved folketeljinga 1801,
med sonen Jon, f. 1822, far Jon Nilsson Sjo
(77),

b Nils, 1794-1818, tenar,

c Sissel, 1796-, g m enkjemann Nils Nilsson
Toftevåg (15), busett på Sisselaplassen der då
ho vart enkje,

d Tørres, 1799-,

e Tor, 1802-02,

f Tor, 1803-,

g Johanne, 1806-, g m husmann Ola Olsson
Landa, busett i Gravdal(25),

h Lars, 1810-, far til husmann i Valo (34),

i Tor, 1812-72, skriven husmann i døds-
lista,

j Haldor, 1814-.

5 *Tor Haldorsson*, 1803-72, g m

Guri Anfinnsdotter, 1802-71, er ført «Gaard-
mand» i kyrkjeboka. Han var mogeleg
påtenkt til å ta garden, men av ukjende års-
aker fekk han aldri papir på bruket.

Ho er kalla husmannkone i dødslista.

Iflg oppgåvene 1865 hadde Tor husmannssta-
tus, på eit plass som fødde 2 kyr, 4 sauer, og
utsånaden var 1 t av havre og poteter.

Saman med dei budde då dottera Kari og mannen Johannes, glasmakaren, og fire barn. Plasset var truleg eit av Myra-plassa, sidan Kari og Johannes budde der 1875.

Barn etter Tor og Guri:

a Ranveig, 1828-,

b Kari, 1831-, seinare kokke på verven på Opsanger, g m glasmakar Johannes Johannesson, busette her med barna: Johannes, 1851, Tor, 1853, Johannes, 1855, begge med det namnet levde opp, Lisbet, 1858, g til Bekkjårvik, Anfinn, 1867, Guri, 1871, Tolleiv Andreas, 1876-78, dei fleste til Amerika,

c Valgjer, 1834-, g m Tolleiv Larsson Hillestad (21)

d Guri, 1838-38,

e Johan Kristian, 1856-77.

6 *Tørres Haldorsson*, 1799-, g m

Guro Eliasdatter Fjelland (35c), 1792-1851, fekk skøyte, mogeleg fordi han var den eldste av dei gutane som levde opp.

Barn:

a Ranveig, 1826-,

b Guro, 1828-,

c Tor og Andreas, 1836-, alle fire vart konfirmerte. Tor vart husmann på Eide (139).

Guro gifte seg oppatt m enkjemann

Lars Johannesson Lauvøy (8), som 1878 flytte til plassen Heio på Hillestad (45), der han dreiv som bøkker.

7 *Sjur Tørresson*, 1833-, g m

Alis Endresdatter Gravdal (16a), 1829-, fekk skøyte i skiftet etter faren 1853.

Dei hadde ei dotter medan dei budde her, Guro, f. 1852.

8 *Tjærand Trondsson Arnevik* (14 f), 1821-, g m

Siri Tollaksdatter søre Øvrebø (5c), 1830-, kjøpte 1854 dette bruket av Sjur Tørresson.

Barn:

a Tollak, 1856-,

b Tjærand, 1858-,

c Ingebrigt, 1861-,

d Jone, 1864-.

9 *Gunnar Hansson*, 1825-, g m

Dordi Ludvigsdatter, 1819-, kjøpte alt 1866 dette bruket av Tjærand Trondsson.

Ho var frå Røyrvik i Strandebarm.

Gunnar ætta frå Store-Fosse i Strandebarm, og far hans budde i husmannskår i Sandvollsen (43).

Men husmannen på Sandvoll kunne ein kunst som skulle gjera sønene til velmaktsfolk i Gravdal. Han hadde med seg båtbyggjarkunsten heimefrå.

Då Gunnar flytte til Gravdal, utvikla han det han hadde lært hos far sin, til skipsbygging, og denne verven ved Hanesteinen, var det som seinare vart Gravdal Skipsbyggeri på Opsanger.

Brøren, Hans, flytte og til Gravdal og fekk seg gard der.

Barn etter Dordi og Gunnar:

a Synnøve, 1846-, g m Anders Andersson (27), oppattg m Brynjel Gjertsson Hauge (50c),

b Johanne, 1849-,

c Dordi, 1852-, g m Ola Johannesson Skato frå Mehus (21), skipsbyggjar i Gravdal,

d Hans Ludvig, 1855-,

e Herborg, 1858-, g m Amund Olsson Sæva-reid, smed i Gravdal (30),

f Lars, 1864-, g m Brynhild Olsdatter Arnevik (7c), busette på Sandvoll (22) der han dreiv landhandel, posthus og rutebåtekspedisjon.

10 *Hans Ludvig Gunnarsson*, 1855-, g m

Margrete Larsdatter Opsanger (22d), 1850-85, oppattg m

Malene Larsdatter Opsanger (22h), fekk skøyte etter far sin i 1877.

Barn:

a Dorteia Amunda, 1878-,

b Bertine Johansine, 1880-, g m Nils Eliason Nerhus, Ølve,

c Gunnar, 1882-,

d Hanna Margrete, 1883-,

e Lars, 1885-,

f Halvard, 1888-, g m Marie Larsdatter Sande,

g Margrete, 1891-, g m Gunnar Knutsson Ænes (37).

Hans og Malene flytte til Opsanger 1892 og bygde verven der.

11 *Nils Eliasson Nerhus*, 1874-1953, g m

Bertine Hansdatter, 1880-1953, fekk skøyte 1909 etter Hans Ludvig Gunnarsson. Nils

kom frå Nethus (33 b) i Ølve. Han hadde to farbrøyr på Mehus (55-56) i Høylandsbygda. Barn:
 a Hans, 1908-88, teolog og publisist, med mange bøker om skipsbygging og sjøfart, «Frå vikingstid til våre dagar», til hundreårsminnet for Hans Gunnarsson Gravdal, artikkelar om Jonas Lie og om andre emne frå Sunnhordland, publikasjonar om «Gjøa» og «Skjoldmønen».
 b Anna Alise, 1910-
 e Einar Malvin, 1914-
 12 Einar Malvin Nilsson fekk skøyte på bruket 1946.

Bnr. 2

Tjandra Trondsson delte 1858 bruket sitt i to like delar, det som seinare vart bnr. 1 og 2. Gunnar Hansson kjøpte også bnr. 2 av Tjandra Trondsson.
 Det har seinare følgd bnr. 1, og delinga fekk aldri nokon annan praktisk verknad for drifta enn at bnr. 4 vart delt frå bnr. 2 i 1891.

Bnr. 3

13 Nils Jonsson Mehus (13 d), 1727-91, g m Anna Akseldotter Fjelland (30 b), 1736-1831, kjøpte den andre halvdelan av Gravdal i 1760. Brot hennar skreiv frå seg odelstien til bruket i 1765.
 I skiftet på Fjelland 1763 finn vi opplysninga om at Nils Jonsson Mehus var svingerson til Aksel Fjelland. Skiftet gjef greie for skøyta då brukarane på Fjelland kjøpte brukra sine i 1758, og i den handelen også Gravdal: «I bemeldte Skjøde findes i uddraget 18 merker Smør som den Salige Mand har tilkjøbt udi Gravdal ... , hvilket bemeldte Salig Mand har igjen solgt til sin Svoger Nils Jonsen Mehus».
 Nils vart ingen gammal mann. Barn:
 a Malena, 1759-
 b Jon, 1765-
 c Sara, 1771-
 d Marta, 1775-
 e Aksel, 1781-
 14 Aslak Knutsson, g m enkje Anna Akseldotter, fekk 1782 skøyte på det bruket Nils hadde hatt.
 15 Aksel Nilsson, 1781-, ugift, fekk skøyte på Gravdal 1799.
 16 Endre Jonsson, g m Valger Gunnarsdotter, 1790-, ho frå Ashheim (11a), sat så med bruket til 1861.
 Barn:
 a Alis, 1829-, g m Sjur Tørresson Gravdal (7)
 b Anna, 1832-
 c Anne Malene, 1836-
 17 Hans Hansson, 1821-, g m Helga Torgettsdotter Hølnedal (61e), 1820-, fekk kjøp og skøyte av Endre Jonsson 1861. Hans var brot til Gunnar på bnr. 1. Han arbeidde i lag med broren på verven.
 a Hans, 1848-, død liten,
 b Synnøve, 1849-69,
 c Marta, 1851-, g m Ola Halvardsson Hovland, Sjo (61),
 d Hans, 1853-, ei tid i Amerika, seinare busett i Gravdal,
 e Synnøve, 1855-, g m Johannes T. Hauka-nes, til USA,
 f Torgeir, 1858-,
 g Lars, 1860,
 h Gurine Kristine, 1864-, g m Helge Helgeson Etkealand (45),
 i Ola, 1867-.
 18 Hans Hansson, 1853-, g m Anna Margrete Helgesdotter Etkealand (44f), 1859-, fekk skøyte av far sin 1879.
 Barn: Helene Hansine, f. 1886.
 19 Halvard Tolleivsson Hillestad, 1857-, kjøpte dette bruket 1887 av Hans Hansson. Kona hans var Anna Hansdotter.
 Det reisde til USA 1908.
 20 Tolleiv Torsson Marre, 1864-, g m Elisabeth Andersdotter, 1868-, kjøpte 1899 bnr. 3 i Gravdal av Halvard Hillestad.

Barn:

- a Tora Kamilla, 1896-, g m Bernt Tansø,
- b Andrea, 1897-, g m Adolf Schnelle,
- c Gunnar, 1899-, g m Eline Djuve,
- d Kaia Pauline, 1902-, g m Lars Tveit,
- e Synnøve Brynhild, 1904-, død liten,
- f Solveig Brynhild, 1905-, g m Magnus Heimvik,
- g Elisabet, 1907-, g m Jens Schnelle,
- h Tea, 1910-, g m Sigurd Bjørgen.

21 *Gunnar Tolleivsson*, 1899-, fekk skøyte av mor si i 1934.

22 *Bjarne Gunnarsson Matre*, g m *Nancy Johnsen Sjo*, eig no dette bruket.

HUSMENN

25 *Ola Olsson Landa* (65), 1791-1871, g m *Johanne Haldorsdotter Gravdal* (4g), 1806-, var innerst og seinare husmann i Gravdal i 1830- og 40-åra. Ved teljinga 1865 hadde han berre 3 sauer og sådde 1/2 t poteter, men plassen gav vel meir i hans yngre år.

Det var elles berre ført to husmenn i Gravdal 1865, Ola og enkja Gjertrud (31), og så Tor Haldorsson, som budde i Myro då han hadde vike plass på bnr. 1 for broren, Tørres Haldorsson (6).

Barna etter Ola og Johanne var:

- a Ola, 1829-, g 1868 m
- Anna Johannesdotter Kirketeigen (3c), med sønene Johannes, f. 1869, og Ola, f. 1872,
- b Elisabet, 1832-,
- c Gabriel, 1837-, skipsbyggjar på Sydnes og Fatland (12),
- d Ranveig, 1840-40,
- e Haldor, 1841-, (28),
- f Nils, 1844-, tømmermann, g m Olina Torsdotter, med barna Ingeborg, 1870, Johanne, 1874,
- g Ola, 1847-, busett på Kvitesanden på Eike-land (46),
- h Marta, 1859-, med mor Bol Larsdotter Gangstø.

Bnr. 4

Dette stykket vart delt frå bnr. 2 i 1891, og år 1900 budde den seinare eigaren her som husmann. Bnr. 4 vart i 1913 selt til husmannen,

23 *Brynjel Gjertsson Gravdal*, 1855-, g m enkje (27)

Synneva Gunnarsdotter Gravdal (9a), 1845-. Brynjel var frå Hauge (50 e). Barn:

- a Hanna, 1877-,
- b Anders Gerhard, 1883-,
- c Marie, 1885-,
- d Bertine Serine, 1890-, som fekk skøyte 1934 i skiftet etter foreldra.

24 *Arthur Lavik* eig dette stykket no.

Sletto

26 *Gunnar Hansson* feste dette plassen av Tørres Haldorsson i 1845. Han kjøpte seinare bnr. 1 og 2 (9).

Myro og Hanesteinen

27 *Anders Andersson*, 1844-76, g m *Synnøve Gunnarsdotter* (9a), 1846-, feste desse to plassa 1872. Han kom frå Kvinnherad, og var skipstømmermann i Gravdal. Han var halvbror til Brynjel Hauge i Gravdal (23) og Gjert Hauge på Hillestad (52), av mor Eli Brynjelsdotter Hauge (50), som iflg Anders Haugland kom av foreldre Brynjel Larsson og Marta Johannesdotter Teigen. Eli er nemnd i dødslista då Anders vart innført 1876.

Barn etter Anders og Synnøve:

- a Eli Elisabet, 1868-,
- b Dordi, 1871-, død liten,
- c Andrea 1875-.

Synnøve gifte seg oppatt m *Brynjel Gjertsson* (23).

28 *Haldor*
Gunnhild
 skipsbygger
 dette bnr.
 farty på
 Barn:
 a *Gjert*
 Sydnes
 b *Lisbeth*
 c *Ola*
 d *Ann*
 e *Lars*
 f *Mart*
 g *Hald*
 h *Gab*
 i *Siss*
 j *Mart*
 k *Joh*

29 *Ga*
 kelen
 Han b
 (30) o

30 *Am*

Hanestein-plasset

28 *Haldor Olsson* (25 e), 1841-, g m
Gunhild Antonsdotter, 1848-, var husmann og
 skipsbyggjar her ved folketeljinga 1875. Før
 dette bygde han og broren, *Gabriel Fatland*,
 farty på Sydnes.

Barn:

- a *Gjert Olai*, 1870-, med mor *Siri Olsdotter*
 Sydnes (31b),
- b *Lisbet*, 1870-,
- c *Ola*, 1872-,
- d *Anne Marie*, 1874-,
- e *Lars Olai*, 1877-,
- f *Margrete Antonette*, 1879-,
- g *Haldor Gustav*, 1881-,
- h *Gabriel*, 1882-,
- i *Sissel*, 1884-,
- j *Marta*, 1887-,
- k *Johanne Kristine*, 1890-.

29 *Gabriel O Fatland* budde her etter matrik-
 kelen 1906.

Han hadde budd det meste av si tid på Sydnes
 (30) og Fatland (12) og bygt farty der.

30 *Amund Olsson Sævareide*, 1850-, g m

Herborg Gunnarsdotter (9e), 1858-, var smed
 på verven. Barn:

- a *Gunnar Olai*, 1882-,
- b *Gunnar Olai*, 1884-,
- c *Inga Larsine*, 1886-,
- d *Hans Ludvig*, 1889-,
- e *Lars*, 1891-,
- f *Laura Teodora Kristina*, 1893-.

Neset

31 *Gjertrud Sjursdotter*, 1805-, budde på eit
 plass i Gravdal ved folketeljinga 1875. Ho
 vart då kalla husmannsenkje og tømmer-
 mann! ved verftet. Ho hadde vore g m

Jon Mikkjelsson, oppattg m
Tørres Simonsson, 1806-48.

Det var to døtrer etter henne:

- a *Brita*, 1823-, rentenist 1900,
- b *Brita*, 1828-, konfirmantlista.

Gulliksplasset

32 Det var endå eit plass i Gravdal. Det låg
 heilt nordvest på garden. Han som gav plassen
 namn, er ikkje registrert i festepapir, så plas-
 set torer vera noko gammalt.

1891, og år
 som hus-
 smannen,

55-, g m

a), 1845-.

k skøyte

plassen av

16-. feste
 Kvinnhe-
 dal.

i Gravdal
 av mor
 som iflg
 : Brynjel
 eigen. Eli
 rt innført

- e Marta, 1808-,
- f Guri, 1810-,
- g Eli, 1813-,
- h Anders, 1816-,
- i Johanne, 1727-53, ugift.

68 *Anders Gunnarsson*, g m
Petrika Olsdotter, var og husmann på Landa.

- Barn:
- a Ola, 1812-,
 - b Anna, 1817-,
 - c Malene, 1820-, g m enkjemann Torkjel Torgeirsson (21),
 - d Anders, 1823-,
 - e Kristi Johanne, 1826-.

Also under Gravdal
Seep. 256

69 *Ola Olsson*, 1791-, budde i husmannskår på Landa, seinare i Gravdal (25). Om han står det i kyrkjeboka at han i hennar og vitners nærvær nekta å inngå ekteskap med

Johanne Haldorsdotter Gravdal (4g), «*formedelst begaaet leiermaal efter hans hjemkomst fra Østlandet*».

Han må såleis ha vore utkalt 1814.

Brura sa seg einig i dette.

Men det må ha godna seg til, som det heiter, for dei vart buande i Gravdal.

Stølen

70 *Lars Torgeirsson nedre Sæbø* (7d), 1791-1821, g m

Kristine Hansdotter Eide (5k), 1794-, fekk i 1818 feste av Ivar d. e. på plassen Stølen.

Vi veit av to barn:

- a Grete, 1820-,
- b Lars, 1822-, som kjøpte bnr. 2 på Fjelland (18).

I 1823 fekk Kristi bygsel på eit av dei mange plassa i Inngjerde.

Men husmannskåra varte ikkje lenge. Ho vart g m enkjemannen på bnr. 1, Ivar Torbjørnsson (3)

71 *Nils Hermansson*, 1802-66, bøkker, g m
Ågot Elisabet Olsdotter (65), 1794-, budde på Stølen i husmannskår, men utan jord iflg folketeljinga 1865. Barn:

- a Anna Marie, 1831-,
- b Herman, 1833-,
- c Lisbet, 1836-.

72 *Herman Nilsson*, 1833-, g m
Asgjerd Samsonsdotter, 1838-, budde framleis her år 1900. Han var matros. Staden der stova stod, kallar dei framleis Herremanssekjo.

Barn:

- a Herman, 1862 innerst og ungar, lettliwa spelemann, til USA,
- b Marta Elisabet, 1863-,
- c Samson, 1866-,
- d Nils, 1872-,
- e Andreas, 1876-76,
- f Karoline, 1878-,
- g Anna.

Inngjerde

73 *Torbjørn Ivarsson* (3 a), 1788-1821, g m
Anna Torbjørnsdotter, fekk bygsel på plassen Inngjerde 1812. Dette var den sonen Ivar Torbjørnsson hadde med Kari Henriksdotter Valdra. Barn:

- a Ivar, 1814-, ikkje nemnd i skiftet,
- b Karen Marte, 1816-,
- c Herborg, 1818-,
- d Lars, 1820-20.

Inngjerde

74 *Eli Ivarsdotter* (3d), 1797-, g m
Øystein Halvorsson, 1792-1848, fekk 1825 bygsel av far sin på eit stykke av Inngjerde.

Barn:

- a Marta, 1829-76, ugift,
- b Halvor, 1831-31,
- c Halvor, 1833-,
- d Ivar, 1835-53,
- e Lars, 1838-38,
- f Øystein 1840-, husmann på Ysteinsplassen på Fjelland (55).

Inngjerde

75 *Ola Ivarsson* (3g), 1802-38, g m
Anna Andersdotter, fekk likeeins bygsel i Inngjerde 1829.

Barna var:

- a Marta, 1822-,
- b Lars, 1825-,
- c Oline, 1827-,
- d Ivar, 1829-, husmann og skomakar på Haugegen iflg teljinga 1875, g m Johanne Olsdotter, med barna Ola, f. 1858, Siri Oline, f. 1862,
- e Anders, 1833-,

Sigrid og Ingebrigt hadde sonen Svein og dottera Åsa etter seg.

Peder må ha vore gift enno ein gong, etterdi han hadde barna Peder og Synnøve òg.

13 *Svein Ingebrigtsson*, d. 1850, g m *Anna Paulsdotter Nordhus* (2h), fekk skøyte i 1793 på bruket etter far sin.

Han var evneveik, og han makta truleg ikkje gardstellet.

14 *Trond Torsteinsson*, g m *Åsa Ingebrigtsdotter*, 1788-1848, fekk skøytet etter Svein 1806.

Ætta etter Trond har site med denne garden sidan.

Barna var:

- a Torstein, 1809-,
- b Ingebrigt, 1812-12,
- c Ingebrigt, 1813-, Landavåg (79),
- d Anna, 1815-, g m husmann Mikkjel Ellingsson Toftevåg (46),
- e Eli, 1817-,
- f Tjærاند, 1821-, Gravdal (8)
- g Sara, 1830-, g til Østhus (5), så g m Knut Tollaksson søre Øvrebø (9).

15 *Torstein Trondsson*, 1809-93, g m *Ingeborg Pettersdotter Fatland* (15a), 1817-94, fekk skøytet 1836.

Torstein dreiv sjøen ved sida av garden, mykje i lag med Lars Kjeka. Det var særleg salting av sild og føring til Østersjøen som var deira arbeidsfelt.

Barna var:

- a Åsa, 1836-, g m husmann Bård Mikkjelson Kjeka (44j),
- b Anna, 1839-39,
- c Ingeborg, 1840-1925, ugift,
- d Eli, 1842-,
- e Trond, 1844-,
- f Anna, 1846-, g m Ola Haldorsson,
- g Petter, 1848-51,
- h Kari, 1850-51,
- i Petter, 1852-,
- j Petter, 1853-,
- k Hansine, 1855-,
- l Torstein, 1856-, død tidleg,
- m Torstein, 1859-,
- n Hansine, 1861-.

16 *Trond Torsteinsson*, 1844-1924, g m *Helga Simonsdotter Østhus* (6b), 1852-, overtok bruket etter faren i 1882.

Barn:

- a Torstein, 1877-,
- b Ingeborg, 1879-, g m Gabriel Fatland (22)
- c Anna Oline, 1882-, g m Erik Skjeveland,
- d Torbjørn, 1884-,
- e Ingeborg Serina, 1886-, g m Sakarias Sakariasson Sydnes (17h), til USA,
- f Peter Torbjørn, 1887-1958.

17 *Torbjørn Trondsson*, 1884-1972, g m *Laura Johannesdotter Sydnes* (9b), 1894-1979, fekk skøytet 1914.

Barna deira var:

- a Trond, 1923-,
- b Synnøve Johanne Laurentse, 1924-,
- c Lars Johannes, 1926-,
- d Harald, 1928-.

18 *Trond Torbjørnsson*, 1923-, g m *Ingeborg Skålnes*, 1925-, tok over etter far sin i 1957.

Barna er:

- a Torbjørn, 1948-,
- b Anbjørg, 1950-,
- c Ingemar, 1958-,
- c Asbjørn, 1962-.

Bnr. 3

19 *Nils Johannesson*, 1736-, g m *Anna Olsdotter Skato* (9a), g andre gong 1784 m

Siri Tørresdotter (28), g tredje gong m *Gunhild Pålsson Nordhus* (2g), 1747-, fekk skøyte på den andre halvdel av Rasmusbruket i 1762. Han var gardbrukar og smed. Gunhild vart seinare g til Sydnes (13).

Barn i ekteskapa var:

- a Synnøve, 1766-,
- b Anne, 1767-,
- c Siri, 1768-84,
- d Anna, 1773-84,
- e Ingrid, 1778-,
- f Kari, 1781-81,

Barn med Gunhild var:

- g Anna, 1785-,
- f Anna, 1788-,
- g Marta Lisbet, 1789-, g m Abraham Abrahamsson Kvitavoll (23),
- h Tørres, konfirmert 1803.